

Oppsummering frå Kaffimøte for eldre i Gol 24.08.21:

Innspel:

**Parken i Gol sentrum:** ta vare på dei stille plassane og - ikkje for moderne. Obs hugs spiseplasser.

**Sykelstiutbygging Hallingmo:** bekymring rundt sykkelstibyging i Hallingmo-området, redde for syklistane

**Oppretthalding av rolige rekreasjonsområder:** prøv å bevare dei områda som ikkje er råka av tiltak, tilrettelagte stigar treng ikkje bli gruslagt det er og fint med plassar der naturen får vera som den er. Er det ein tanke å sjå områder som kan markedsførast som rolige, også i samband med turistar som kjem hit.

**Frisbeegolf:** er det for lange avstandar mellom plattform og korg? Trengs det og kan ein gjera justeringar?

**Anna informasjon:** Pensjonistforbundet har hatt samlingar på Renslotunet (treff) kor torsdag juli mnd, og vonar å fortsette med dette til neste år.

**Uteseksjonen:** skryt til dei for blomar i sentrum og ellers eit velstelt sentrum med lite søppel.

**Universell utforming:** Fortaua i nedre Gol er for høge, skilt og varer på fortau har vorte eit problem spesielt for svaksynte men og andre grupper. Andre utfordringar for ferdsele i sentrum er elsyklar, elsparkesyklar. Det er også for få parkeringsplassar og nokon butikkar er vanskelege å koma innåt.

**Møtестruktur:** Ynskje om forskjellige tema, få veta om høringar, opne møter mm.

**RÅFU:** Spørsmål rundt saksgang i RÅFU

**Informasjon frå Frivilligsentralen:** RÅFU (råd for eldre og menneskjer med nedsett funksjonsevne), Eldredagen mm.

**Ytringsfriheit:** viktig å også kunne nytte Hallingdølen , viktig å nytte ytringsfriheiten

**Tema på neste møte:**

- \* budsjett
- \* Helse og omsorg
- \* besøkstjenesten

Takk for eit godt møte og fortell gjedne til fleire om dei neste møtene dette halvåret – 12.oktober og 14.desember☺